

Til: Naboar, heimelshavarar og aktuelle offentlege instansar.

Dato: 06.11.2019
Vår ref: May-Britt Drage Bakke

Varsel om planoppstart for detaljregulering for Pelagia Moldefjorden

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 blir det med dette varsla oppstart av detaljregulering for Pelagia Moldefjorden i Selje kommune.

Oppdragsgjevar: Pelagia AS, avdeling Selje. Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er Asbjørn Bøstrand.

Planområdet: Er på om lag 115 daa og er lokalisert på sørsida av Moldefjorden, aust for Salt og Moldestadneset. Området omfattar mellom anna gbnr. 70/17-18, 70/26 og delar av 70/2. Det er ca. 10 km køyreveg frå Pelagia til Selje sentrum.



Figur 1 Kart som syner lokalisering og avgrensing av planframlegget (markert med svart linje). Kart henta frå Fylkesatlas.

Kort om situasjonen i dag: Det er i dag aktivitet på området i form av mottak og filetering av pelagiske fiskeslag, hovedsakelig makrell som rundfrysast for eksport. Det blir òg sendt fersk fisk, som til dømes til Stabburet sin fabrikk i Kugnshavn der Pelagia AS er tilnærma eineleverandør.

For meir informasjon om drifta sjå heimesida: <https://pelagia.com/facilities/pelagia-selje/>

Frakt til og frå området skjer både via land- og sjøveg. Eksisterande bygningsmasse er 8200 m², og byggehøgde er frå 8 til 10 meter. Delar av bygget har 2 etasjar (om lag 1500 m²).

Planstatus: Reguleringsplanen for del av Moldestad (1441197702) er vidareført i KPA. I medhald av PBL. § 12-14 blir det med dette det varsla at denne planen blir oppheva.


Planområdet er i hovudsak vist som eksisterande og framtidig næringsareal i KPA (BN3). Ein mindre del av arealet i aust omfattar LNFR-formål. Det er ikkje på dette tidspunkt avklart om tiltak aust for BN3 er aktuelt, men arealet er inkludert i planområdet for vurdering av ny vegtilkomst (jf. skisse under «Aktuelle reguleringsføre mål», vist med grå arealfarge).

Aktuelle tiltak: Oppdragsgjevar ønskjer å legge til rette for fylling i sjø for å etablere djupvasskai, samt opne for utviding av eksisterande bygningsmassar. Det er konkrete planar for nytt/utviding av fryselerer mot aust av tilsvarande storleik som eksisterande bygg; om lag 90 x 45 x 8-10 meter lengde/breidde/høgde.

Vidare er næringsområdet tenkt nytta til lagring/oppstillingsplass for thermocontainer som skal bli skipa på båt. Mindre utvidingar av lokalar for produksjon er òg aktuelt innanfor planområdet.

I dag er sesongarbeidsplassar på mottaket. Med denne satsinga ønskjer ein å legge til rette for 40-50 heilårsarbeidsplassar. Oppdragsgjevar har òg som målsetjing å flytte ein større del av transporten frå vegnettet til sjøvegen. Dette vil føre til mindre tungtrafikk på ein veg som i stor grad er prega av dårleg standard, som vidare vil ha positiv verknad for busetnad og ferdsel langs fylkesvegen.

Aktuelle reguleringsføre mål: For landareal er aktuelle føre mål næring, kai- og fyllingsfront, samt vegtilkomst. I tillegg skal ferdselsområde i sjø vise på plankartet. Det er ikkje planlagt nye tiltak vest for industriområdet. Her vil planen vise eksisterande bruk av areal, som illustrert på skissa under: naust, landbruksareal, samt bruk og vern av sjø og vassdrag (vist med lyseblå arealfarge).



Grenser for arealbruk som går fram av skissa er ikkje på dette tidspunkt endeleg avklart og det kan bli behov for endringar. Vegareal i aust (vist med grå farge), der ein skal vurdere moglegheit for ny tilkomst, vil utgå frå planområdet viss ein vel å løyse tilkomsten innanfor næringsarealet (lilla farge). Endeleg plan vil ha eit større detaljnivå, der mellom anna kaifront og tilkomstveg vil vise med eigne formål.

Risiko og sårbarheit: Ikkje kjennskap til risiko og sårbarheit i området som vil legge spesielle føringar på planlegginga, utover havnivåstiging og stormflo. Tiltak sin verknad vil bli vurdert opp mot naturmangfaldlova.

Konsekvensutgreiing: Tiltaket vil etter forslagsstillars vurdering etter forskriftas § 10 ikkje gje vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Planarbeidet er på bakgrunn av vurderinga ikkje konsekvensutgreiingspliktig. Forslagsstillar vurderer det som ikkje naudsynt å krevje konsekvensutgreiing for denne planen, men at det blir utført eventuelle naudsynte tilleggsvurderingar i samband med planprosessen. Under oppstartsmøtet vart det ikkje krevd KU av kommunen. For utfyllande informasjon om vurdering av tiltak opp mot KU-forskrifta, sjå planinitiativet som ligg på Nordplan si heimeside (under kunngjeringar): <https://www.nordplan.no/kunngjeringar/>

Vidare saksangang: Berørte partar har rett til å kome med innspel/merknader til oppstartvarselet, og alle desse vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Ferdig planforslag blir oversendt kommunen for politisk handsaming, og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Frist for innsending av merknadar til oppstartvarselet: 20. desember 2019

Eventuelle innspel/ merknadar skal vere skriftlege og sendast Nordplan AS, PB. 224, 6771 Nordfjordeid, eller på e-post til mb@nordplan.no.

Spørsmål kan rettast til: Nordplan AS v/arealplanleggar May-Britt Drage Bakke tlf. 940 27 464/e-post mb@nordplan.no

Med helsing
for Nordplan AS

May-Britt Drage Bakke

Høyringsinstansar som er varsla:

Fylkesmannen i Vestland	fmvlpost@fylkesmannen.no
Sogn og fjordane fylkeskommune	Postmottak.sentraladm@sfj.no
Fiskeridirektoratet region Vest	postmottak@fiskeridir.no
Kystverket	post@kystverket.no
Sogn og Fjordane Fiskarlag	sognfjordane@fiskarlaget.no / henriette@fiskarlaget.no
Statens Vegvesen Region Vest	Firmapost-vest@vegvesen.no
NVE, Region Vest Naustdalsvn 1B, 6801 Førde	rv@nve.no
Sogn og Fjordane Energi, SFE Bukta, 3823 Sandane	post@sfe.no
Telenor servicesenter for nettutbygging Postb. 7150, 5020 Bergen	sfn@telenor.com

Grunneigarar og heimelshavarar:

Monica Villard Austring
Bjørn Villard
May-Britt Karlsen
Kenneth Inge Moldestad
Esther May Moldestad Suhr
Arne Vik
Bente Lisbeth Vik
Moldestad Krins v/Magnar Hatlenes
Elisabeth Johansen
Kenneth Seljen
Marit Lillian Moldestad
Pelagia AS, avd. Bergen